

Sak 17-23 Matavfallsposar – val av løysing

Tilråding til vedtak:

1. Styret viser til sak 06-21 der det vart gjort vedtak om prøveordning med papirposar til innsamling av matavfall. Styret vedtek at oppstart av prøveordning for bruk av papirposar til matavfall vert utsett inntil vidare.
2. Styret ber administrasjonen greie ut overgang til bioposar til matavfall, herunder praktiske og miljømessige sider, samt kostnadskonsekvens. Alternativet skal sjåast opp mot dagens løysing med plastposar og ei alternativ løysing med heilt eller delvis bruk av papirposar.
3. Styret ber om at val av løysing for matavfallsposar vert vurdert i høve til våre naboselskap sine val av løysingar, samt den planlagde utgreiinga knytt til regionalt samarbeid om forbehandlingsanlegg.

Samandrag:

Styret har tidlegare vedteke utprøving av papirposar til matavfall. Administrasjonen er i dag usikker på om dette er eigna som ei framtidig storskala-løysing, fordi det gjer matavfallssorteringa meir krevande for abonnentane, men også fordi det aukar driftskostnadane til VØR. Administrasjonen ynskjer at eit alternativ med bruk av bioposar vert utgreidd først, og at det vert søkt å få til ei samordning mellom naboselskapa iht val av løysing.

Saksutgreiing:

Bakgrunn

VØR har sidan 2019 hatt innsamling av matavfall. Innsamlinga skjer ved at abonnentane får utdelt 9 liters plastposar til formålet. VØR har i tillegg levert ut eigne innsamlingsboksar til bruk i kjøkenbenken. Matavfallet går til biogassproduksjon, og den organiske bioresten som vert til overs går til gjødsel på dyrka mark. Plasten frå posane er imidlertid ei utfordring fordi den er vanskelege å skilje ut frå matavfallet. Posane følger med matavfallet inn i mottaksanlegget, der det først skjer ei forbehandling. I den prosessen vert det meste av feilsortering og ureining skilt ut, inkludert plastposane. Det har likevel synt seg vanskeleg å få bioresten heilt rein for plastfragment før den vert brukt som gjødsel. Det pågår mange tiltak i bransjen for å rette på dette:

- teknologiutvikling, td pyrolyse eller anna varmebehandling
- utvikling av betre reinseprosessar
- utvikling av alternativ til plastposar, primært bioposar av nedbrytbart materiale.

Oppdrag frå kommunestyret i Volda

I styresak 06-21 er det omtalt følgande: *Volda Kommunestyre vedtok i samband med godkjenning av føresegnene for renovasjon og slam, eit oversendingsframlegg som i røynda bad VØR om å byte oppsamlingsposar for matavfall frå plast til papir.*

Administrasjonen har ikkje klart å finne dette vedtaket for å sjå korleis det vart framsett og korleis ordlyden var.

Oppdraget frå kommunestyret i Volda vart fulgt opp med ein intern rapport frå 2021, der bruk av papirposar til matavfallet vart gjennomgått. Den utgreiinga skisserer løysingar og kostnader, men den syner også at der er ein del krevande moment knytt til bruk papirposar. Det viktigaste er at dette er ein meir krevande innsamlingsmåte for abonnentane, fordi papiret blotnar opp og fordi luktproblema kan verte noko større. Nye korger gjer at dei etablerte systema i kjøkenbenken til abonnentane også må endrast. For VØR inneber ei slik endring at det må kjøpast inn nye korger, at selskapet får vesentleg høgare kostnader knytt til posar og at ein får ei praktisk utfordring ved at utdeling må skje på ein annan måte (knyt på dunk i dag, omsyn til tørre papirposar mv).

På grunnlag av utgreiinga gjorde styret i VØR i sak 06-21 slikt vedtak:

- 1. Styret vedtek å levere ut papirposar for matavfall frå 2022, til dei som ynskjer det. Papirposane kan gå inn som ein naturleg del av biogass prosessen, og erstattar posar av plast.*
- 2. Dei som ynskjer det kan forsette med posar av plast som handlenett og liknande, men må då sjølve halde posane.*

Bioposar (posar av nedbrytbar plast) var ikkje del av utgreiinga. Den vedtekne ordninga inneber at der framleis vil vere eit innslag av plast i matavfallet og at VØR vil ha mindre høve til å påverke dette, då det er abonnentane sjølve som skal skaffe seg plastpose.

Status per idag

VØR har i dag avtale med Norsk Råvare AS om avsetnad av matavfallet til biogass. Avtalen gjeld i 2 år til juni 2024, med opsjon på 1+1 år. I tilbodsgrunnlaget er det beskrive at VØR har plastposar som innsamlingsform og at ein arbeider med alternativ. Det er ikkje sett krav eller vilkår i avtalen om overgang til papir eller utfasing av plastposar.

Det vart i 1.halvår 2022 kjøpt inn 36.000 matavfallsposar i papir og 720 eigne korger til dette i januar 2022. Samla kostnad for kjøpet NOK 98 665 eks. mva. Materiellet står på lager i Hovden og har ikkje vore marknadsført. Leverandøren har gitt signal om at materiellet kan takast tilbake til redusert pris og dekking av frakt.

VØR har fram til no hatt lager av plastposar og har delt ut dei til abonnentane som har behov (knyt på dunk-ordninga). Vi må no kjøpe inn nye posar, og i samband med det har ein sett på alternativa og fått slik prisantydning frå vår leverandør:

- Plastpose - NOK 0,29 per pose
- Biopose - NOK 0,39 per pose
- Papirpose – NOK 0,49 per pose

Som vanleg er det også ein del skilnad mellom dei ulike produkta av same materiale, slik at det t.d. finst veldig gode bioposar som kostar vesentleg meir. Når det gjeld forbruket av papirposar, er det venta å vere noko høgare pr husstand og år enn plast og bioposar, på grunn av at dei må bytast oftare i kjøkenbenken, så dei ikkje blotnar.

Bioposar har det tidlegare vore noko blanda erfaringar med på biogassanlegga. Posane kan bli seige når dei blotnar opp, noko som kan vere krevande ved kverning og anna handtering på mottaksanlegget, dersom ikkje utstyret er tilpassa dette. Nedbrytinga går saktare enn for papir, og for ein del posetypar er det fortalt at nedbrytinga difor ikkje vert fullført før bioresten kjem ut på markene. Vi forstår at det skjer mykje produktutvikling på dette området no, og det er mange andre avfallsselskap som ser etter dei same forbetra løysingane som VØR no gjer. Dei avfallsselskapa som innfører matavfallssortering no eller endrar sine løysingar, gjer det primært til bioposar. RIR er eitt av desse selskapa som no har teke i bruk bioposar med gode røynsler.

Administrasjonen kjøper no inn 6 mnd forbruk av plastposar - av same type som dei vi har nytta til no. I løpet av den tida vi nyttar dei, må det avklarast kva som skal vere framtidig løysing – anten papir, plast eller bioposar.

Det innkjøpte lageret av papirposar kan returnerast med tap eller delast ut til dei abonnentane som ynskjer å teste og / eller nytte slike posar. Av omsyn til kapasitet og kommunikasjon har ikkje administrasjonen prioritert å iverksette marknadsføring og utprøving så langt.

Hans Peter Eidseflot

Dagleg leiar

Vedlegg:

- Sak 06-21 Byte av matavfallsposar av plast med matavfallsposar av papir frå 2022
- Intern rapport 2021: Papirposar til matavfallet